



Særutskrift for Ulstein sokneråd - Ulstein kyrkjelege fellesråd

Tid: 15.05.2013

Ulstein sokneråd - Ulstein kyrkjelege fellesråd har i møte den 15.05.2013 hatt følgende sak til behandling:

2013/23 Det livssynsåpne samfunn, høyring

VEDTAK

Ulstein kyrkjelege fellesråd er positive til og stiller seg bak NOU 2013/1 Det livssynsåpne samfunn, men har følgjande merknadar:

Kap 11.2 Formålsparagrafen for skolen.

Formålsparagrafen har nyleg vore vedtatt i Stortinget, og det er ingen grunn til å ta den opp på nytt. Fellesrådet støttar mindretallet sitt framlegg og grunngjeving.

Kap 15.5, 15.6. Offentlige sykehus og andre helsetenester.

Fellesrådet trur det vil verte veldig dyrt og tungvindt for helseforetaka å skulle halde seg med personale frå alle tru- og livssyn. Fellesrådet støttar mindretallet sitt framlegg om at det er trus- og livssynssamfunna som har ansvaret for å sørge for slikt personale

Kap 17. Ekteskapsinngåelse

Ei omlegging til at alle skal gjennomgå sivil vigse før ein eventuelt har ein religiøs seremoni vil føre til meirkostnader både for den enkelte og for samfunnet. Fellesrådet støttar utvalet sitt mindretal som meiner at trus- og livssynssamfunna skal beholde vigselmyndet slik ordninga er i dag.

Kap 18. Gravferdsforvaltning

Fellesrådet ser ingen grunn til at dagens ordning som fungerer godt, med delegert ansvar til dei kyrkjelege fellesråda, skal opphøye.

Kap 26.2 Finansieringsordningar

Fellesrådet støttar mindretallet sitt framlegg om å vidareføre dagens reglar for støtte til barne- og ungdomsorganisasjonar. Det bør vere høve for religiøse organisasjonar å forskjellsbehandle på kjønn eller seksuell orientering.

Ulstein sokneråd - Ulstein kyrkjelege fellesråd
Anders Myrene